



LINDÅS KOMMUNE

Teknisk etat
Byggesaksavdelinga
5914 Isdalstø

Arkiv: 107/007
Saksmappe: 03/00009-4
Sakshandsamar: Knut Bjørnevoll

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 41
5914 ISDALSTØ

Saksnr	Sakstype	Vedtaksdato
232/03	Delegert sak handsama av bygningssjefen	03.09.03

Delingssak - tilleggsjord til Ove Kolås Lindås kommune - Gnr.107 Bnr.007 - Kolås

Dokument :

- Søknad om deling, motteken 27.12.03
- Situasjonsplan
- Avtale mellom Ove Kolås og Lindås kommune, dat. 18.12.02

Merknad frå Aud Marit Nygård og Svein Nygård, dat.17.01.03

Saksutgreiing :

Søknaden gjeld overdraging av tilleggsjord frå bnr.7 til bnr.3, i samsvar med landbruksdepartementet sitt vedtak og avtale mellom Ove Kolås og Lindås kommune, dat. 18.12.03.

I tillegg til bnr.7 sin part i felles utmark, omfattar frådelinga 3 teigar, merka "P" på kartvedlegget, "vedlegg nr.3". Kommunen skal behalda eit areal rundt tunet på bruket, pluss ca. 300 m2 ved høgdebassenget.

Aud Marit Nygård og Svein Nygård, eigarar av bnr.9, ber om at bnr.9 sin tinglyste rett til veg over bnr.7, eksplisitt vert teke med i overføringsdokumenta frå kommunen til Ove Kolås. Vegen viser på kommunen sitt kartverk, men ikkje på tilsendt situasjonsplan i denne saka.

Kommentar: Sannsynlegvis vil det ikkje ha noko å seia for vegretten, om det vert nye eigarar og samanslåing av bruk. Det bør kunna takast med på skøytet, dersom det ikkje er problematisk i forhold til tinglysingsstyresmakta.

Vedtak :

Med heimel i plan- og bygningslova § 93 jfr. § 63, godkjenner bygningssjefen søknaden om deling av eigedom.

Om rett til å klaga på vedtaket, sjå vedlagde orientering (forvaltningslova § 27, tredje ledd)

for bygningssjefen

Knut Bjørnevoll
sakshandsamar

Kopi til:

Aud Marit Nygård Kolåsvegen 100,5955 LINDÅS
Ove Kolås 5955 LINDÅS